

Harald Sætre er gjest i Hordalandssendinga i dag.

26.08.2016



Ferjeentusiast Harald Sætre

**OPPDATERT: I Hordalandssendinga på NRK radio i dag vert det sendt 3 timar samanhengande frå ferja M/F Kvinnherad på strekningen Utåker- Matre - Skånevik frå kl.14. Sendinga er ei markering av at denne ferjeturen vann NRK si kåring av beste ferjestrekning tidlegare i sommar. Harald Sætre er ein av hovudgjestene.**

Med sin kjærleik til ferjene er Harald ein naturleg gjest. Han har som kjent forfatta fleire ferjebøker. Også forleggjar Otto Ersland er gjest i programmet. Kanskje dukkar det også opp andre uskedelingar i løpet av programmet? Det jobbar nemleg tre med bakgrunn her frå bygda på ferja.

Sett på radioen og lytt.

**Harald Sætre var gjennomgangsfigur saman med Otto Ersland gjennom heile programmet. I slutten av programmet vart også ein annan uskedeling, billettør og matros Lasse Yri, intervjuet. Han viste m.a. programleiar Marte Rommetveit lugaren sin.**

**Programmet kan de høyra [her](#).**

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Kristian Bringedal.

